

# Vedlegg 1 Lovgrunnlag og mynde

Handtering av avløpsvatn er regulert gjennom fleire lover og retningslinjer. Dei meste relevante er:

## Lovgrunnlag med mynde

**Vassforskrifta** skal sikre heilskapleg beskyttelse og berekraftig bruk av vassførekomstane (elver, innsjøar, kystvatn og grunnvatn). Forskrifta legg til grunn eige vassregionsmynde, i dette tilfellet Indre Sogn vassregion, der Luster kommune deltek. Kommunen er ansvarleg for implementering av nasjonale føringar og regional plan i kommunale planar, legge regional plan til grunn for eiga verksemd og gjennomføre tiltaksprogram. Kommunen er fylgjeleg ansvarleg for negativ påverknad på vassførekomstane, både offentlege og mindre, separate avløpsanlegg. Problem skal kartleggjast, tilsynførast, samt at avbøtande tiltak skal setjast i verk. Døme på annan påverknad på vassførekomstane er sur nedbør, akvakultur, industriutslepp, ulike fysiske inngrep, marin forsøpling, landbruksavrenning og klimaendringar (havforsuring). *Vestland fylkeskommune* er mynde.

**Forureiningslova** har til føremål å «*verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse*». **Forureiningsforskrifta** gjev føringar på korleis lova skal tolkast. Tilsynsmynde er *kommunen* og *Statsforvaltaren*, avhengig av utsleppsstorleik og -art.

**Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav** regulerer bruk av slam frå reinseprosessen. *Mattilsynet* er tilsynsmynde.

**Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg** gir heimel for å vedta lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr. *Kommunen* er mynde.

**Plan- og bygningslova** set krav til mellom anna prosess, medverknad og utgreiingar for temaplanar, og legg til grunn vilkår for krav om tilknytning. *Kommunen* er mynde.

**Vassressurslova** har reglar av betydning for kommunen sine anlegg i vassdrag, samt reglar kring overvasshandtering. *NVE* er mynde.

**Internkontrollforskrifta** har til føremål å fremje forbetningsarbeid i verksemdene innan arbeidsmiljø og sikkerheit, å førebyggje helseskader eller miljøforstyringar frå produkt eller forbrukstenester, å verne ytre miljø mot forureining og å betre handsaming av avfall. Forskrifta har fleire mynde.

## Lokalt regelverk

**Utsleppsløyve for avløpsvatn** skal føreligge for alle utslepp. I Luster kommune føreligg det fylgjande utsleppspunkt med for offentlig avløpsanlegg

Utsleppspunkt	Resipient	Årstal utsleppsløyve	Status utsleppsløyve	Gyldig storleik	Teoretisk storleik [NS9426]	Målt storleik
Hestehagen	Fortunselvi	2013	Gyldig	30	Ukjent	Ikkje vurdert
Drægni	Fortunselvi	2015	Gyldig	25	Ukjent	Ikkje vurdert
Skjolden	Lustrafjorden	2000	Gyldig	Ukjent	330	-*
Døsen	Lustrafjorden	2000	Gyldig	225	Ukjent	-*
Smia	Lustrafjorden	2000	Gyldig	50	Ukjent	-*
Steinabakkane	Lustrafjorden	2000	Gyldig	70	Ukjent	-*
Markstein	Lustrafjorden	2000	Gyldig	20	Ukjent	-*
Mytane	-**	2000	Gyldig	1	1	-*
Høyheimsvik	Lustrafjorden	1998	Gyldig	80	Ukjent	-*
Neshøgdi	Lustrafjorden	Ukjent	Ukjent	Ukjent	20	-*
Orrhaug	Lustrafjorden	Ukjent	Ukjent	Ukjent	60	-*
Jostedalen skule	Infiltrasjonsgrøft	Ukjent	Ukjent	Ukjent	10	-*
Gaupne	Lustrafjorden	2000	Gyldig	1123	1600	-*
Gjerde	Infiltrasjonsgrøft	2000	Ukjent	40	140	-*
Breheimsenteret	Infiltrasjonsgrøft	1993	Gyldig	16	Ukjent	
Lundshaugen	Dalselva	1998	Gyldig	95	130	Ikkje vurdert
Solvorn	Lustrafjorden	1994	Ukjent	Ukjent	3009	Ikkje vurdert
Veitastrondi	Heggestadelv	2020	Gyldig	10	Ukjent	Ikkje vurdert
Veitastrondi byggefelt	Infiltrasjonsgrøft	2020	Gyldig	35	Ukjent	-*

\*ingen måling av avløpsmengd på slamavskiljarar

\*\*Ingen utslepp frå tett tank

**VA-norma for indre Sogn** sett krav til bygging av VA-anlegg i kommunen. Nye offentlege anlegg, og privat utbygde anlegg for kommunal overtaking skal tilfredsstillende norma.

**Norsk Vannstandard** set føringar for alle prosessledd knytt til vatn og avløp, derunder søknad, planlegging, utføring, dokumentasjon og ferdigstilling av anlegg.

**Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Luster kommune, Vestland** regulerer med heimel i *Lov om kommunale vass- og avløpsgebyr* dei vilkåra som gjeld for tilknytning og abonnement for kommunale vass- og avløpsstenester i Luster kommune.